

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.09.2016

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 2:

Hordaland fylkeskommune rår til at breidda på haustefelta vert redusert, frå 2 til 0,5 nautisk mil, samt at grensene følgjer heile breiddeminutt.»

Røysting

Innstillinga punkt 1, 3 og 4 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 2 vart vedteken mot 2 røyster (MDG, SV) for Tomren sitt forslag.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune rår til at karta som følgjer forskriftene vert digitale, nedlastbare og presise.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at breidda på haustefelta vert halvert, frå 2 til 1 nautisk mil, samt at grensene følgjer heile breiddeminutt.
3. Hordaland fylkeskommune rår til at dei 7 stengte områda i Hordaland vert vidareført i ny forskrift, og at det i tillegg vert tatt inn eit nytt stengt område ved Olvondo naturreservat.
4. Hordaland fylkeskommune rår til at forskrifta vert rullert igjen om fem år, ved at ei arbeidsgruppe går gjennom haustefelta på nytt.